

# SISTE INDRE



**Vi er gode nyheter**

# Trenger vi å endre noe?

De siste ti årene har det vært nedgang i antallet indremisjonslag og kontaktpersoner tilknyttet ImF Rogaland. Tallet på indremisjonslag har sunket med ca. 60 prosent siden 2012, og er nå på 7 lag. Tallet på kontaktpersoner har sunket fra litt over 30 til nærmere 25 personer. Flere av kontaktpersonene er godt opp i årene, og mange av dem tar sjeldent initiativ til møter for ImF Rogaland lenger.

Tallene er ikke gode. Men, det er to lyspunkter vi gleder oss over. Det ene er at over 40 lag for barn og ungdommer er innmeldt hos oss nå, det er flere enn for 10 år siden. Her er økningen på over 30 prosent disse årene. Den tingen som likevel uroer her, er at tallet var godt over 50 lag før pandemien satte inn. Mye barne- og ungdomsarbeid har ikke klart å løfte seg igjen etter nedstengningen. Det andre lyspunktet er at det nå er 13 innmeldte forsamlinger i ImF Rogaland. For 10 år siden var det 4 forsamlinger, og dette er nå altså tredoblet på 10 år.

Sammen med den flott satsingen på Awana som gir flere og flere barn og unge et møte med Bibelen og Jesus, er de lokale prosjektene med å etablere forsamlinger noe av det som gleder oss i ImF Rogaland mest. Indremisjonsarbeid skjer lokalt, og det er

viktig at det satses på levende, livskraftige forsamlinger som gir næring for de troende til å leve et kristent hverdagsliv i sine nærmiljø.

ImF er 125 år i år. Vår krets er 122 år. Siden tiden rundt år 1900, har svært mye forandret seg. Levesett, kommunikasjon, utdanningsnivå, helse og levealder. Da ImF ble stifta var gjennomsnittlig levealder på ca. 50 år for menn og 57 år for kvinner, mens den nå er ca. 81 år for menn og 85 år for kvinner, ifølge Folkehelseinstituttet. Levestandard og privatøkonomi er også svært mye bedre enn for over 100 år tilbake. Bør det få betydning for hvordan vi strukturer vårt arbeid i dag?

I ImF Rogaland ble det i 2020 valgt ei gruppe på sju personer som skulle arbeide med å vurdere om kretsen skulle endre strukturen og organiseringen slik at vi kunne få mer misjon ut av de ressursene vi har. Gruppa jobber i disse dager med å ferdigstille et utkast til en ny modell som gruppa tenker kan legges fram for årsmøtet til ImF Rogaland 23. april 2024. Da er den nye modellen en struktur vi kan teste ut i en prøveperiode.

## **Viktige moment som peker seg ut i gruppas arbeid er:**

- Lokale forsamlinger er svært viktig for at Jesus skal nå flest mulig
- Forsamlingene trenger å hjelpe hverandre og dele erfaringer og kompetanse
- Små fellesskap bør få mulighet til å knytte seg til større forsamlinger
- Leirarbeidet bør styrkes
- Mer satsing på diaconi
- Nye fellesskap og mindre grupper som samles til Jesu etterfølgelse må heies fram
- Vi må tenke nytt om økonomi framover

Gruppa ser for seg at vi i ImF Rogaland i bygger nettverk som kan binde sammen de som leder innen samme arbeidsfelt i de ulike

forsamlinger og bedehus. Vi tegner et bilde av hvordan det kan se ut. Vi håper samtidig at dere som leder og driver arbeid på alle steder i vår sammenheng, kan gi oss gode innspill på om det vi vil presentere kan gjøres på bedre måter enn det vi ser for oss.

ImF Rogaland inviterer til samlinger 16. og 23. januar 2024 for å presentere våre tanker og lytte til innspill fra dere som er engasjert i indremisjonsarbeid i kretsen vår.



Indremisjonsforbundet i Rogaland  
Mjølhusvegen 70, 4364 Sirevåg  
Tlf. 51 79 38 80  
Nettside: imfrogaland.no  
E-post: rogaland@imf.no

Direktenummer:  
Anne Berit Aarsland 977 67 073  
Terje Slettebø 51 79 38 80  
Anne Birgitte Auestad 920 90 232  
Gina Ueland 478 70 409

**Kretsleiar**  
Torgeir Lauvås  
Tlf 971 71 745

**Kretsstyreleder**  
Egil Vigdel  
Tlf 464 11 819

Bankgironr.  
8220.02.80101  
**V-ppps** # 21841

**SISTE INDRE**  
Organ for ImF-Rogaland  
Tilsutta Indremisjons-  
forbundet  
Kjem ut 4 gonger årleg  
Kontingent kr 250,-  
Redaktør: Torgeir Lauvås  
Sats: Tubb  
Trykk: Lura Trykkeri

**OGNATUN**  
Mjølhusvegen 70  
4364 SIREVÅG  
Tlf. 51 79 38 88  
  
Direktenummer  
51 79 38 88  
Heimeside: ognatun.no  
Epost: ognatun@imf.no  
  
Avdelingsleiar:  
Elisabeth Kalvenes  
Tlf. 51 79 38 88

# Bekymringer

**Om jeg er bekymret?**

I år og i fjor mistet jeg mange nære og kjære. Jeg var i mange begravelser. I tillegg fikk vi merke sykdom i nær familie og i vennekrets. Når vi ser på verdensbildet med krig, sult, død og elendighet, ja da er jeg bekymret. Når noe skjer med mine nærmeste, står det skrevet bekymring over hele meg.

Jesus har aldri sagt at vi skal gå gjennom livet uten bekymringer, uten fortvilelsen og uten død. Men han har sagt at han vil gå med oss. "Jeg er med deg alle dager inntil verdens ende" Matt. 28, 20. Han har sagt at vi ikke trenger å bekymre oss for noen ting. "Vær ikke bekymret..." Det står mer om dette i Matt. 6, 25-34.

Når jeg ber til Gud, så legger jeg alle mine bekymringer over på han. Jeg har lært at det

ikke nytter å bekymre meg for det jeg ikke kan gjøre noe med. Jeg sier ikke at det er lett. Jeg forstår ikke alltid hva som er Guds vilje for meg, men jeg ønsker å være avhengig av Gud og den planen han har for meg. Jeg ønsker at han skal ha kontrollen. Av og til må jeg puste dypt og klamre meg til det Gud har sagt i sitt ord: "Jeg slipper deg ikke og jeg svikter deg ikke" 5. Mos. 31,6

Gud ønsker ikke at noen skal dø, men slik er nå livet. Vi skal alle dø, og timen det skjer vet vi ikke. Men det er nå livet er, så lev livet og gjør det du har tenkt. Det hjelper ikke å være bekymret hele tiden.

Fortell andre om Jesus og hva han betyr for deg. Fortell hvordan Jesus hjelper deg når du er bekymret. For vi har et håp og det kan vi få dele med andre. Det håpet kan vi klamre oss til. Jeg tror mange lengter etter å ha

*Hilde Hetland*

en som tar alle våre bekymringer, så vi kan slippe å bære dem selv. Jesus har til og med gått i døden for oss, slik at vi ikke trenger å bekymre oss for det. Han har sagt at den som tror på ham skal leve om han enn dør (Joh. 11, 25-26) og det er de beste nyhetene vi kan få. Han vil være med deg også gjennom dine bekymringer. "Herren gir oss fremtid og håp". (Jer. 29, 11)

**Gud velsigne deg og det du står i.**

## Økonomisk utfordrande situasjon!

Rekneskopen ut oktober for ImF-Rogaland viser eit underskot på 1 291 000 kr. Dette er 291 000 etter budsjettet for denne tida på året. Budsjettet var eit underskot på 1 000 000 pr 31. oktober. For 2023 har ImF-Rogaland budsjettert med eit underskot på 130 000.

Det betyr at slik den økonomiske utvikling er, går kretsen i år mot eit underskot på omlag 400 000 kr.

Samanliknar vi med fjoråret er inntektene så langt i år 3 509 000 mot 2 744 000 på same tid i fjor. Utgiftene er på 4 806 000, mot 3 971 000 på same tid i 2022. Vi gleder oss over ein auke på 14% i innbetalingar frå foreiningar og lag så langt i år, og det er godt å merke at fast gjevaruten er stabil. Men, denne arbeider vi med å få opp i tida framover. Nå er det slik at november og desember alltid er viktige og avgjерande for inntektene til ImF-Rogaland. Desse to månadane blir også svært avgjерande i år. Og, her er to konkrete måtar vi alle kan bidra for å redusere underskotet fram til nyttår.

Den 28. nov er det julemarknad på Ognatun



og der har vi eit stort hovudlotteri. Kr 10 pr lodd. Du kan kjøpe lodd på dette lotteriet ved å sende pengar på Vipps til 62 08 89 og vi skriv lodd på deg. Du er også velkommen til å delta på Julemarknaden tysdag 28. nov kl. 17.00-21.00 på Ognatun.

Ei god julegåve til ImF-Rogaland i år vil og vera til stor hjelp for økonomien. Alle abonnementar på «Siste Indre» vil å tilsendt

«Julegåvegiro». Bruk den eller vipps din julegåve på 21841, merk julegåve. Hjarteg takk for all økonomisk støtte og omtanke til ImF-Rogaland og Ognatun.

*For kretsstyret, Terje Slettebø,  
administrasjonsleiar.*

Orientering om økonomien til Ognatun finn du på side 6.

# Framtida er i Guds hand



Kurt Hjemdal

Sammen kan vi ta godt imot gjestene på Ognatun.

## VERTSKAP



### VIL DU VÆRE MED SOM VERTSKAP PÅ OGNATUN?

Få en helg med gratis opphold og mat, mot at du tar imot gjestene våre og er tilgjengelig gjennom helgen.

Er du interessert? Ta kontakt: [ognatun@imf.no](mailto:ognatun@imf.no) eller 51 79 38 88

-Vi veit korleis alt vil enda, Gud skal skape ein ny himmel og ei ny jord. Vi er på veg heim. Framtida er i Guds hand, det går bra til slutt! Det viktige for oss er at vi ikkje mister trua på Jesus.

► Av Terje Slettebø

Slik oppsummerte Kurt Hjemdal sin undervisning ut frå Johannes Openberring på Bibelhelg i INN-kyrkja på Lye 4.-5. nov. I den første timen på laurdagen brukte han ein del tid på dei sju sendebrevene. Bodskapen til dei er ein bodskap som er aktuell for den kristne forsamling til alle tider.

### Forføring

I Smyrna og Pergamon opplevde dei press utanfrå, i dei fem andre opplevde dei at problema kom innanfrå. -Det største problemet for den kristne kyrkja er ikkje forfølging, men forføring, advarte Hjemdal, og oppsummerte forføringa slik:- Ein vil vera så lik denne verden at ein slepp korsets anstøyt. Vårt gamle menneske står Guds ord i mot. Vårt største problem er at vi går bort frå Bibelens ord og kyrkja blir køyrt i grøfta, og det fører oss inn i ein situasjon der vi er i ferd med å miste frelsa i Jesus.

### Sjølvtilfreds

Her brukte han mellom anna kyrkjelyden i Efesos som døme. Dei hadde gitt opp sin første kjærleik som var kjærleiken til Jesus. Tyngdepunktet var blitt flytta frå relasjonen til Jesus over på kva dei skulle gjera for Jesus. Eit anna døme var kyrkjelyden i Laodikeia der dei var prega av å vera lunka, som er å være åndeleg sjølvtilfreds. Arbeidet i forsamlinga såg imponerande ut, men det var ikkje åndeleg liv.

### Den store trengsel

Overskrifta for andre timen laurdag var: Den store trengsel. Her understreka Kurt Hjemdal at Gud er på trona og at det er Gud som har makta. (Ap. gj. 4.28) Alt som skjer må tena hans frelsesvilje. Gud har alltid den kristne kyrkja og skaparverket for sitt ansikt. Bokrullen i Joh. Op. 5,1 er i Guds hand, det viser oss at framtida er i Guds hand. Vegen til framtida gjekk gjennom at synda måtte sonast. Den som har Sonen, altså Jesus, harlivet.

### Gud held oss oppe

-Den store trengsel er over den kristne heile

vegen. Den kristne deler kår med Kristus i verden. Vi er midt i den store trengsel av forføring og forfølging. Kvar ny generasjon kristne vil oppleve denne. Det kan sjå ut som den vonde vil vinne, men nei, det vil han ikkje! Gud er mektig til å halda oss oppe gjennom trengsel, understreka Hjemdal.

#### Gud sitt eigarmerke

Kva er det som ventar? Det spørsmålet vart stilt på Gudstenesta søndag der tema var «Når alt blir nytt». Kurt Hjemdal sitt svar var at verden er på veg mot avslutning, men at Guds folk skal bli berga. Gud har sett eitt segl på den kristne, som er at ein har fått Den heilage ande. Den heilage ande er Gud sitt eigarmerke, Gud kjenner sine.

#### Relasjon til Jesus

-I vårt forhold til Jesus er det to kriteria.  
 -At ein er reinsa i Lammets blod. At ein trur på Jesus og er tru mot Jesus og toler den motgangen som kjem. Å følgje Jesus vil koste, utla Hjemdal frå Johannes Openberring. Vidare var fokus på løftet til Guds folk:- Jesus og dei kristne (brura) skal foreinast for alltid. Det blir fullbyrda når Jesus kjem igjen. Skaparverket vil og få del i forsoninga. Ny himmel og ny jord. Gud skal bu hjå sitt folk som i Edens hage. Det nye Jerusalem er brura, alle som hører Jesus til. Perleport og gater av gull, er ein herlegdom som vi menneske nå ikkje er i stand til å skildre, forkynnte Kurt Hjemdal og avslutta.  
 -Det djupaste i kjærleiken er relasjonen. For oss handlar det om ein rett relasjon til Jesus.

## ImF Tru

ImF Tru vart oppretta i 2009. Dette er eit formelt tilbod som ein kan meldt seg inn i og bli kyrkjerechtsleg registrert som medlem i eit kyrkjesamfunn.

ImF Tru driv i samsvar med sitt evangelisk lutherske grunnsyn og organisasjonen sine prinsipp.

Trussamfunnet har 10 forstandarar som har vigselsrett og som forvaltar ImF-tru sine plikter.

Indremisjonsforbundet sitt misjonsarbeid, møteverksem og barnearbeid blir normalt drive gi regi av foreining, forsamling eller krets.

For å mælda seg inn i ImF-tru forutset vi at ein identifiserer seg med organisasjonens formål og basis. Vidare krev offentleg lov at ein har fylt 15 år, er norsk statsborgar eller busett i Norge, og at ein ikkje er innmeldt i eit anna trussamfunn.

For meir informasjon sjå [imf.no/Trossamfunn](http://imf.no/Trossamfunn) eller ta kontakt med kretsleder Torgeir Lauvås tlf. 971 71 745.

# Kvinneweekend 8.-10. mars 2024 på Ognatun.

#### Talar:

**Aud Karin Kjølvik Ringvoll**



- Velkommen til åndeleg og sosialt fellesskap
  - Festkveld
  - Utloadding
- Pris kr 2270, einerom kr 2870

#### Song av Siembra

Påmelding på ImF-Rogaland si nettside: [imfrogaland.no](http://imfrogaland.no) eller tlf. 51 79 38 80

Påmeldingsfrist 27. febr.

ImF Rogaland, «De tre vise menn» & «De kloke julefruer» presenterer:

# JULEMARKED på Ognatun

Tirs. 28. nov. kl 17.00-20.30



#### Salg av

julekaker, bakst, lylodd, middag for store og små, dessert, kaffe fra egen kaffebar og lodd til hovedtrekning & barnebasar

**LODD TIL  
HOVED-  
TREKNING?  
Vipps kr 10  
pr lodd til  
620889**



#### PROGRAM

17.00 Salg og kafe  
 18.45 Hovedtrekning  
 19.00 Juleforestilling  
 Se side 7

**NYTT I ÅR:  
Juleforestillingen  
«Forviklinger og  
forventninger på  
vei til stallen»**

# Stort underskot på Ognatun!

På Ognatun må ein ta grep for å koma gjennom økonomisk krevjande tider. Medarbeidarar vil måtta bli permittert i periodar gjennom vinteren og renoveringa av dei 4 siste rom/bad i internatbygget er utsett. Men, dei bestilte og avtalte arrangement vil gå etter planen.

► Av Terje Slettebø

Det er mange ulike grunner som har ført til den krevjande økonomiske situasjonen for Ognatun. Det siste året har ein gått over frå at tilsette har arbeida på timer ut frå kor mykje aktivitet det har vore på leirstaden, til faste stillingar men varierande prosentstilling. Og det vart innført kveld, helg og natt-tillegg. Det var eit klart ynskje for både leiinga i kretsen og på Ognatun at våre arbeidrar skulle ha gode og trygge rammer for sine arbeidsforhold. I tillegg var lønnsoppgjeret i 2022 veldig dyrt for arbeidsgivarar, noko også Ognatun merkar godt.

## Avbestilte arrangement

Det som har forsterka den negative økonomiske utviklinga er at i løpet av 2023 har mange store arrangement blitt avbestilt av leigetakrar på Ognatun slik at aktiviteten er blitt mindre enn ein trudde og planla for ved inngangen til året. Medarbeidarane på Ognatun har teke initiativ og arrangert fleire søndagsbuffer og det er blitt fleire tysdagar med Ognatunkafé enn først planlagt. Men, slik flotte tiltak kompenser berre i liten grad for store helge eller vekes - arrangement som er avbestilt.

Ognatun med sin store bygningsmasse merkar også godt at straumprisane er høgare enn før. Dette er ein større utgift enn tidlegare sjølv om leirstaden får noko straumstøtte.



Kvar onsdag ettermiddag/kveld er ein flott dognadflokk samla på Ognatun. Foto: Magne Skårlund.

## Skifte av utstyr

Og som om ikkje dette var nok, så har oppvaskmaskinane på begge kjøkken sluttå å fungera og ein har måtta kjøpa nye. Frysaren til hovudkjøkkent sluttå også å fungere og kunne ikkje reparerast sidan det var umogleg å få tak i reservedelar. Som det siste var det kaffitaktaren på hovudkjøkkenet som måtte erstattast med ny. Sjeldan har ordtaket «at ei ulykke kjem sjeldan åleine» passa betre enn for drifta av teknisk utstyr på kjøkken

på Ognatun siste år! Alt dette har blitt ein meirkostnad for Ognatun i 2023 på ca 230 000 kr.

## Stort driftsunderskot

Ved utgangen av august hadde Ognatun opparbeida seg eit driftsunderskot på ca 870 000 før avskrivingar. Rekneskapen viser at det var dei 3 første månadane som opparbeida det meste av underskotet. Perioden mellom jul og påske er tradisjonelt ein periode med lite aktivitet på Ognatun.



God mat og god prat er viktig etter ei økt med dognadsarbeid. Foto: Magne Skårlund.



Åse Pollestad stiller på dugnad på Ognatunkaféen.

Difor har Ognatunstyret vedtatt å permittera arbeidarane som er på kjøkken/vask i dei periodane det ikkje er arrangement på Ognatun i tida desember 23 til mars 24. Heldigvis viser utleigeoversikten stor aktivitet frå påske og ut året i 2024.

#### Permittera

Både styreformann i Ognatunstyret Magne Skårland og avdelingsleiar på Ognatun, Elisabeth Kalvenes syns det er trist at ein må permittera arbeidaran i periodar gjennom vinteren. Men begge ser at den økonomiske situasjon er så alvorleg at ein kjem ikkje utanom dette. Dei legg også til at det vil vera drift på Ognatun gjennom vinteren og fleire arrangement til Ognatun til vera svært godt for økonomien og redusera omfanget av permittingane. Ognatun vil vera glade for alle som tek kontakt med spørsmål om arrangement og catering.

#### Avhengig av dugnad

Dei legg ikkje skjul på at det vil bli svært krevjande å driva leirstader framover og at ein vil vera avhengig av betydeleg dugnadsinnsats for å få økonomien til å gå rundt. Difor er dei svært glade for alle som deltek med dugnad på Ognatun. Enten det er servering i selskap, kjøkenhjelp, vaskehjelp, ved-produksjon, renovering av bygningar eller generelt vedlikehald. Og, det er bruk for enda fleire villige dugnads-hender på Ognatun i tida framover.

Ognatun tir. 28. nov. kl 19.00  
**Juleforestillingen:  
 «Forviklinger &  
 forventninger  
 på vei til  
 stallen»**



En julefortelling i fem akter med mye humor, allsang & forkynnelse, framført av glade amatører basert på en særdeles sann og vakker historie.

<b>1. AKT</b> <b>Stjernekamp:</b> Konger som krangler i øst og vest om kikkert og kamel.	<b>2. AKT</b> <b>Supernytt:</b> Barn i Betlehem hører Marias skrik under fødselen og lurer seg til å smug-kikke inn i fødestua. Jungeltelegrafen går sin gang.
<b>3. AKT</b> <b>Debatten:</b> Josef blir anmeldt for kvakkalsveri og streikebryteri av jordmorforeningen i Judea. Hvordan forsvarer han seg?	<b>4. AKT</b> <b>Hyrder på villspor:</b> Når de fram i tide, og vil de spørre noen om veien?
<b>5. AKT</b> <b>Nytt på nytt:</b> Hva skjedde egentlig i Betlehem og hva kommer til å skje framover. Vi gir deg nyhetene før de skjer.	<b>Galskap, country-gospel og gode nyheter»</b> <i>Terningkast 6 i «Siste Indre»</i>

**Bestill gratis-sete(r) til forestillingen:**  
 Send inn kodeordet «Juleforestilling» til 45955969 og gi oss ditt navn og hvor mange seter du og dine vil reservere

*Årets julegavetips*

# GAVEKORT PÅ OGNATUN

Kjøp gavekort som kan brukes på søndag&middag eller ognatunkafé.  
 Gavekortet har 1 års varighet.

Bestill på tlf: 51 79 38 88  
 eller mail: [ognatun@imf.no](mailto:ognatun@imf.no)

# Vil du støtte Ognatun med ein ekstra gåve?



Investeringar i nytt utstyr på kjøkken på Ognatun dette året har blitt ein ekstra økonomisk belastning.

Du kan vera med å støtte Ognatun ved å gje ei gåve til ny oppvaskmaskin, kr 60.000 og kaffitrankar, kr 12.000.

Sendt gåva på bankkonto 8220  
02 80128 eller vipps 32635,  
merk med kjøkkenutstyr.



Du finn også ein «Spleis» på Ognatun.no der du kan gi ei gåve.

## Ognatunkafe



Tysdag kl. 11.00-14.00  
27. febr.  
Ta med familie og venner  
til ein hyggeleg  
lunch på Ognatun!



### Damehelg 26.-28. jan. 2024 på Ognatun.

Talar: Irene Vestvik



- Fornyelse
- Lovsang
- Påfyll
- Sosialt
- Bønn  
Mulighet for forbønn og stillhet
- Forkynnelse  
»Hverdagsgull« med troshistorier, vitnemete og bibeltimer



Påmelding: [Checkin.no](#)

Pris: (inkl. oppredd seng)  
Standard kr 2600  
Studentpris kr 2300  
Enerom kr 3200  
Utan overnattning kr 1350  
Kun lørdag 950

Komite:  
Elisabeth Husveig, Anne Marie Rasmussen, Monica Barnesen, Ann-Christin Hjelleset og Tone Rasmussen

## MENTORFAGDAG

Ognatun  
22. febr. kl. 18.00

TEMA:  
NORMALISERING AV PSYKISCHE  
LIDELSER, MED HOVUDFOKUS PÅ  
ANGST OG DEPRESJONS

FOREDRAGSHOLDER:  
MARGRETA BØE

PÅMELDING:  
INNEN 19. FEBR. PÅ MAIL TIL:  
[rogaland@imf.no](mailto:rogaland@imf.no)

**RKM**  
ROGALAND KUNSTSKOLE MUSIKKSKOLE



# Drøsetilbud

Livet går i bølgedaler.

Ønsker du en prat om livet?

Booking og mer informasjon:  
[www.imfrogaland.no/drosetilbud](http://www.imfrogaland.no/drosetilbud)



## Retreat Ognatun 2024



**13.-17. mars**

Temaretreat:  
“Frigjort i Kristus”  
med Geir Otto Holmås

**5.-8. september**

Temaretreat:  
“Åndelig brønngraving”  
med Ragnhild Fuglesatd  
Påmelding: [Imfrogaland.no](http://Imfrogaland.no)

Hvordan skal ImF Rogaland  
se ut framover?  
Kan bedehusflokker  
samarbeide mer?  
Hva med leir-  
arbeid?  
Får vi til mer misjon?

## Prosessmøter



Kom sammen med styremedlemmer, stab og andre fra ditt fellesskap. Møt opp der det passer best for dere:  
OGNATUN TIRSDAG 16.JAN 2024 KL 18.00-21.00  
RÆGE BEDEHUS TIRSDAG 23.JAN 2024 KL 18.00-21.00

### LIKER DU DUGNADSARBEID?

På Ognatun trenger vi flere dugnadsfolk på kjøkken og renhold.

Kunne du tenkte deg å smøre smørbrød, kuppe grønnsaker, salat eller bidra med andre enkle arbeidsoppgaver på kjøkkenet? Eller kunne du vært med å vaske vindu, rom og fellesareal etter arrangement? Ta gjerne kontakt og vi setter deg opp på en liste som vi kan kontakte i de travleste periodene.

På denne måten kan du gjennom praktisk arbeid være med å utføre en viktig oppgave i misjonsarbeidet.

Bring gjerne denne utfordringen videre til flere!

Ta kontakt!

51 79 38 88

[ognatun@imf.no](mailto:ognatun@imf.no)



**Astor Industri  
Eiendom AS**



# Leirer på Ognatun vinteren 2024



## Lagsleir Ogna

9. - 11. februar 2024

## Lagsleir Bjerkreim

16. - 18. februar 2024

## Påskeleir 1

22. - 24.mars. Påmeldinga opnar  
5.februar. Påmeldingsfrist er 26.februar kl  
23.00

## Påskeleir 2

5. - 7.april. Påmeldinga opnar 12.februar.  
Påmeldingsfrist er 4.mars kl 23.00

## BØNNE- OG TAKKEEMNNE

### Be for:

- Økonomien
- Førjulsleirane på Ognatun
- Julefeiring på Ognatun
- Julemarknad
- Damehelg og Kvinneweekend

### Takke for:

- Lederkonferansen
- Dugnadsfolka på Ognatun
- Fritidssforkynnaraane
- Ognatunstyret
- Kretsstyre

Du kan sende inn bøneemner til kretskontoret, så tek vi det med på bønesamlingar som vi har.  
Send sms til 459 55 969 eller  
på e-post: rogaland@imf.no

# Fullt hus på Ognatunbasaren

Torsdag 28. september var den årlege Ognatunbasaren. Sofie Braut hadde andakt og Bjerkreim Barnekor deltok med song.

Vi fekk først ein fin møtedel saman der vi vart velsigna av tale og song. Det var fullt hus på Ognatun denne kvelden og loddsalet gjekk svært bra. Til saman i loddsal og åresal fekk Ognatun inn kr 195 000 denne kvelden. Hjarteg takk til alle som støtta opp om Ognatun på denne fine måten. Og spesielt takk til Ognatunforeininga for gjennomføringa av basaren.



Sofie Braut hadde andakt på basaren.



Mange flotte gevinstar på åresalget.

# OGNATUN



## Ved til sals:

Sekker med bjørkeved, 60 L, kr 125, pr stk  
Pallar med granved, kr 1400 pr stk  
Pallar med eikeved kr. 2000 pr stk  
Kontakt Magne Skårlund  
tlf. 915 73 157

## Selskap på Ognatun:

I januar og februar 2024 får du 15% rabatt på private selskap på Ognatun. Ta kontakt for konkret tilbod!  
Tlf. 51 79 38 88 eller  
e-post: ognatun@imf.no

**Mulbadaw Farm på 56 000 dekar i Hanangdistriktet i Tanzania**  
Matsikrings- og vannforsyningssprosjekt drevet med økonomisk støtte og kunnskap fra misjonsvenner i Norge gjennom SHV.  
(Stiftelsen Haydoms Venner)  
Se mer på [www.mulbadaw.com](http://www.mulbadaw.com)



**VIGRESTAD BYGG**   
WWW.VIGRESTADBYGG.NO  
Tlf: 958 19 505

**Kringsjå Invistering AS**



**Grude Gartneri**  
Brekkeveien 18  
4353 Klepp Stasjon



**Pål Hatteland AS Entreprenør**  
Mob 99278710

**BRYNE REGNSKAP**

Tlf 975 25 110  
Post@bryne-regnskap.no  
[www.bryne-regnskap.no](http://www.bryne-regnskap.no)

**Le Service A S**  
Leplanting  
Hageanlegg  
Kompoststrø  
+362 Vigrestad  
Tlf.: 5143 75 89 - Fax: 5143 66 53  
Mobil: Erik: 982 46 915 - Einar: 982 46 916

**din trafikkskole**  
Tlf.: 464 22 022

Bokføring - lønn - årsoppgjør  
stiftelser- økonomisk rådgivning



ROTT REGNSKAP OG KJØPMANN, Tlf. 51 80 81 50, WWW.ROTTREGNSKAP.NO 

**Haugstad Eiendom AS**  
Postboks 37  
4369 Vigrestad

**WALDELAND MASKIN**  
  
- Grusmaskiner  
- Transport  
- Gresing  
- Gresipakk  
- Landstrek  
- Traktor  
- Pressing av rundbeller  
- Veterveitshøvsløft  
- Brøyting og strøng  
Tlf: 90 79 61 44

**JG MASKIN**  
Jan Gunnar Lundheim - Verhaugsvegen 89, 4380 Verhaug  
Mobil: 958 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - [jgnarau@online.no](mailto:jgnarau@online.no)  
  
• SERVICE • DELER • REPRASJONER

**Odd Narve Grude**  
Næringsbygg  
Tlf.: 90 13 95 19  
51 42 37 99



Returadresse: ImF Rogaland, Mjølhusvegen 70, 4364 Sirevåg

# Er du kristen?

Dette direkte spørsmålet frå ein på Tryggheim sette i gang ein prosess mot kristen tru for Annette Auestad [37] på Varhaug.

► Tekst og foto: Terje Slettebø

Annette, som er oppvaksen på Hommersåk, huskar at ho var med familien i kyrkja på julaftan. Hennar mormor og morfar var kristne. Dei bad og song saman med henne og ho minnest at dei også gjekk saman i kyrkja.

## Ikkje kristne møter

Etter kvart som tida gjekk vart dette med kristen tru meir og meir fjern for henne og ho kjente på litt motstand mot andre som var kristne. Men når ho skulle begynna på vidaregåande var det eit søskenbarn som gjerne ville ha henne med til Tryggheim på Nærø.

Dette hadde Annette eigentleg ikkje lyst til, for ho viste at Tryggheim var ein kristen skule. Men, mor hennar som hadde gått på internatskule, oppfordra henne også sterkt til å gå på Tryggheim. Og, slik vart det, men på kristne møter skulle ho ikkje gå!

## Er du kristen?

-Men, der på internatet kom ein kar og spurte kvar einskild, - er du kristen? Alle rundt meg svara ja, og eg visste ikkje kva eg skulle svara, så eg sa: «Veit ikkje», fortel Annette. Og dette førte til at ho vart med i det Annette i dag karakteriserer som ein «god gjeng», og ho vart med på nokre møter også. På eit møte hadde dei besøk av ein talar som hadde levd eit tøft liv, men vorte kristen. -Dette gjorde inntrykk på meg, huskar Annette, -Når han kunne bli ein kristen så kunne eg det også! Hans tale var eit sterkt vitnemål om korleis Gud kan forandla menneske. Etter dette tok Annette eit standpunkt om at ho også ville vera kristen.

## Bonde på fulltid

Etter vidaregåande på Tryggheim flytta ho til Varhaug. Der trefta ho Ernst, som ho etter



*Jesus har forma livet mitt positivt, seier Annette Auestad.*

kvart gifta seg med og stifta familie saman med. Annette har jobba både i Tryggheim barnehage og på Spar på Varhaug. Nå er ho bonde på fulltid og trivst veldig godt med det.

## Sentrums Menighet

I første tida på Varhaug var ho aktiv i Ungdomslaget på Misjonshuset. Men, etter tida i ungdomslaget måtte eg finna meg ein ny plass å høyre til. - Når Sentrum Menighet på Misjonshuset på Varhaug vart starta opp, vart det naturleg for meg å bli med der. Når utfordringa til å vera med i styre kom, stilte eg opp. Eg har alltid kjent meg velkommen og godt mottatt, og Misjonshuset har vore ein trygg plass å vera, så det er fint å kunna bidra, seier Annette.

## Awana

Ho har også vore med i Awana – arbeidet, og syns det er svært verdifullt. - Det er barna som er framtida, og eg opplever det veldig meiningsfullt å få vera med å forma ei trygg tru på Jesus hjå neste generasjon.

## Konfirmantarbeid

Nå har Annette blitt med som leiar i konfirmantarbeidet på Nærø bedehus. - Leiarane der bad om ein kvinneleg leiar, og eg kjente på at dette var eit arbeid eg kunne ha lysst til å bidra i. Så då vart eg eit bønnesvar for dei, samtidig som eg fekk gå inn i eit arbeid som gjev meg mykje tilbake. Konfirmantida er ei viktig tid der mange tar bevisste val og det såg kjekt ut å bli kjent med konfirmantane og hjelpa dei i å ta steg i truslivet mot ei tryggare tru og større tillit til Jesus.

## Forma livet positivt

Kva betyr den kristen trua for deg i dag? -Den betyr ganske mykje, eg er avhengig av den. Tenk det vi kan få tru på! Jesus er der alltid, og vi kan få leggja bekymringar over på han. Han sviktar ikkje og går ikkje frå oss. Eg hadde ikkje vore der eg er i dag utan Jesus, han har forma livet i ein positiv retning, avsluttar Annette Auestad.